



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		

Høyringsuttale - fredning av Eydebåten

Vedlegg

- 1 Fredningsforslag for Eydebåten
- 2 Vedlegg til fredningssak

Bakgrunn

Eydebåten er ein historisk trebåt som vart eigd og brukt av Sam Eyde, grunnleggjar av Norsk Hydro, då han oppheldt seg på garden Kråmviki ved Møsvatn i Vinje. Båten er eit tidsbilete attende til 1916 og gjev eit levande bilete av tida då industrireisinga endra lokalsamfunna i Telemark. Den illustrerer motsettingane mellom dei fastbuande rundt Møsvatn og industrileinga som kom utanfrå, og kastar slik ljøs på dei sosiale og kulturelle skilnadane som fylgde med etableringa av Norsk Hydro. Gjennom Eydebåten får ein formidla denne delen av historia som eit supplement til Rjukan–Notodden industriarv, der Vinje kommune inngår gjennom Møsvatn og dei kulturhistoriske elementa knytt til vassdraget.

Eydebåten vart restaurert ved Hardanger Fartøyvernssenter, med Vinje kommune som prosjektleiar og ansvarleg for gjennomføring. Båten er eigd av Jon Håkon Hove, men kommunen har hatt prosjektansvar og forkjøpsrett.

Telemark fylkeskommune har no sendt ut høyringsforslag om fredning av Eydebåten etter kulturminnelova. Frist for høyringsuttale er sett til 26. november 2025.

Fylkeskommunen har varsla at saka vil verte lagt fram for politisk handsaming i hovedutvalet i 2026.

Vurdering

Eydebåten har stor kulturhistorisk verdi. Han er eit autentisk objekt frå pionertida til Norsk Hydro og representerer ei direkte kopling mellom Vinje, Sam Eyde og den nasjonale industrihistoria.

Gjennom restaureringa er båten bevart i tråd med tradisjonelle handverksteknikkar, og fredning vil sikre vidare vern og dokumentasjon for framtida.

Fredning kan medføre visse restriksjonar for eigar, men vil òg opne for tilgang til fagleg bistand og eventuelle tilskotsmidlar til vedlikehald og formidling.

Vinje kommune, som del av industriarven, har interesse av å støtte tiltak som styrkar formidlinga av denne historia.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune støttar Telemark fylkeskommune sitt forslag om fredning av Eydebåten.

Kommunen vurderer at Eydebåten har stor kulturhistorisk og symbolsk verdi som del av den nasjonale industrihistoria og som eit viktig element i Rjukan–Notodden industriarv. Fredning vil bidra til å sikre båten som eit autentisk og formidlingsrelevant kulturminne for framtida.

Vinje kommune vil halde fram med å samarbeide med eigar, Telemark fylkeskommune og relevante fagmiljø for å leggje til rette for bevaring, vedlikehald og bruk av båten i tråd med fredningsformålet.